



## Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2023/1328-2

Saksbehandlar: Anne Silje Berg

### Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2024/49	17.09.2024	Formannskap

## Høyring av kommunal planstrategi 2024-2027

### Vedlegg

- 1 Kommunal planstrategi Skjåk 2024-2027
- 2 Folkehelseprofil 2024, vedteken 20.6.2024
- 3 Oversikt over gjeldande reguleringsplanar i Skjåk

### Saksutgreiing

Utarbeidninga av den kommunale planstrategien er ei lovpålagd oppgåve som skal skje kvar valperiode. Planstrategien skal vere kommunen sin strategi for planarbeid, og er eit viktig politisk styringsverktøy. Planstrategien er bestemmande for kva planarbeid som skal prioriterast. Kva utviklingstrekk ser vi, og kva planbehov leier desse til? Planstrategien er ikkje ein plan i seg sjølv, men syner kort sagt kva planverk kommunen treng for å møte utfordringar og moglegheiter i Skjåk.

Planstrategien som her blir lagt fram har ein innleiande del med informasjon om krav til planstrategien og det kommunale plansystemet. Deretter blir utfordringsbildet for kommunen gjennomgått. Som vedlegg ligg den nyleg vedtekne folkehelseoversikta, som også dannar eit viktig kunnskapsgrunnlag i arbeidet med planstrategien. Planstrategien blir avslutta med planoversikta. Denne syner gjeldande planar i kommunen, og tidspunktet kommundirektøren vurderer at planane må gåast gjennom og reviderast. Vedlagt er også gjeldande reguleringsplanar i kommunen.

Jamfør plan- og bygningslova § 10-1 skal planstrategien gjerast offentleg i minst 30 dagar før den blir vedteke av kommunestyret. Formannskapet, som planutval, skal nå ta stilling til om planstrategien skal leggast ut på høyring.

### Miljømessige konsekvensar

Klima- og miljøplanen er nyleg vedteken og skal ligge til grunn for arbeidet som blir gjort i Skjåk kommune. Planstrategien legg nå opp til revidering av kommuneplanens samfunnsdel og her vil arealstrategi vere eit sentralt tema. I løpet av planperioden vil Skjåk i følgje planstrategien ha eit godt og oppdatert planverk, der særleg arealstrategien, saman med den vedtekne klima- og miljøplanen, legg godt til rette for å arbeide målretta med natur og miljø i kommunen.

## **Vurdering**

Hensikta med denne planstrategien er å prioritere planoppgåver og sikre politisk styring med planlegginga, slik at den blir tilpassa behovet og ikkje blir meir omfattande enn naudsynt. Det blir også teke stilling til revidering av kommunen sitt overordna planverk, med revidering av kommuneplanens samfunnsdel som høgt prioritert.

Kva situasjon og utvikling kommunen er i påverkar prioriteringar og ressursbruk. Derfor er det kommunedirektøren si vurdering at planleggingsarbeidet bør baserast på realisme, altså planlegging ut frå kjend situasjon og framskrivingar, og med eit kritisk blikk på kva planar kommunen faktisk treng. Planarbeid i seg sjølv er ressurskrevjande. Samtidig har vi både regionale og statlege regelverk og andre føringar som kommunen må arbeide etter.

Hovudmåla frå nokon av dei gjeldande kommunale planane vil vere tenleg å ta inn i kommuneplanens samfunnsdel når denne skal reviderast, og slik redusere planverket i kommunen, som i dag er omfattande. Dette vil sørge for betre oversikt, og at revidering og oppdatering av planverket skjer med jamnare mellomrom enn det som hittil har vore tilfellet. For mange planar fører til dårleg oversikt og sjeldan revidering. Måla som blir lagt i kommuneplanens samfunnsdel skal effektuerast gjennom økonomiplanen. Denne blir handsama årleg, og når ny kommuneplan er vedteken i 2026 blir denne, saman med økonomiplanen, ei meir aktiv rettesnor for arbeidet i kommunen.

Kommunedirektøren har vald å leggje inn eit breidt spekter av planar i planoversikta, også til dømes vedlikehaldsplanar og hovudplanar. Dette har vore ønskjeleg for å gje ei så fullstendig oversikt over det kommunale planverket som råd, og slik lettare kunne bruke planstrategien også som eit oppslagsverk.

## **Kommunedirektøren si tilråding**

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 vedtek formannskapet å leggje kommunal planstrategi for Skjåk kommune 2024-2027 til høyring i minimum 30 dagar.

## **Formannskap si behandling av sak 49/2024 i møte den 17.09.2024:**

### **Behandling**

Samrøystes som tilråding.

### **Vedtak**

Med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 vedtek formannskapet å leggje kommunal planstrategi for Skjåk kommune 2024-2027 til høyring i minimum 30 dagar.

